

Askvoll kommune
Postboks 174

6988 ASKVOLL
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/04071-29

14.09.2016

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 142802 - Herland/Hærland m.fl. - Askvoll kommune

I samband med adresseringsprosjektet i Askvoll kommune reiser Kartverket namnesak for nokre primærnamn for å få avklart rett skrivemåte før dei vert tekne i bruk i adressenamn.

Kartverket Bergen sender med dette saka ut på lokal høyring i kommunen, jf. § 5 i lov om stadnamn.

Kartverket reiser namnesak for fylgjande namn:

- *Hærland/Herland* (gardsnr. 56)
- *Herland* (bruksnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 9 og 10)
- *Hærland/Hærland* (grend)
- *Hærlandshammen/Herlandshammen* (hamn)
- *Hærlandsvatnet/Herlandsvatnet* (vatn)
- *Hærlandsvika/Herlandsvika* (vik)
- *Hærlandsbotnen/Herlandsbotnen* (grynne)
- *Hellersøyna/Hillersøyna* (øy)
- *Hillersøy/Hillersøyna* (gardsnr. 68)
- *Hellersøen* (bruksnr. 68/1 og 68/1/1)

For meir informasjon om namna, sjå innsynsløysinga vår for Sentralt stadnamnregister (SSR): norgeskart.no/ssr.

Lokal høyring

Det er Kartverket som har vedtaksrett for skrivemåten av tradisjonelle gards- og bruksnamn og for naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigargar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serleg tilknytning til. Vedtak for gardsnamn er etter hovudregelen retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, og for bruksnamn der gardsnamnet inngår som en del av namnet, jf. § 8 i lov om stadnamn. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigaren eller festaren få tilsende direkte av kommunen.** Det går fram i lista ovanfor kva bruk dette dreiar seg om.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i lov om stadnamn er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. I rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen skal normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må difor setja ev. pågåande saker som gjeld avleidde adressenamn og adressetilleggsnamn som kan påverkast av denne saka på vent til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna, og ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei

skal gjera vedtak om avleidde namn. Det gjeld i denne saka òg grendenamnet *Herland/Hærland*, for kommunen er òg vedtaksmynde for grendenamn.

Det er kommunen som har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, og for å innhenta og samordna dei lokale høyringsfråsegnene. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta for Vestlandet, Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 Oslo*, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil so gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er 2 månader frå dei får dette brevet.

Venleg helsing

Erlend Trones
namneansvarleg region vest

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Stadnamntenesta på Vestlandet